

## **Referat frå teams-møte i Vest-Telemarkrådet 2. februar 202 kl. 10.00 – 12.40**

### **Tilstades:**

Regionordfører og ordfører i Tokke Jarand Felland  
Regionvaraordfører og ordfører i Nissedal Halvor Homme  
Ordfører i Vinje Jon Rikard Kleven  
Ordfører i Seljord Beate Marie Dahl Eide  
Ordfører i Fyresdal Erik Skjervagen  
Ordfører i Kviteseid Bjørn Nordskog  
Leiar i rådmannsutval og rådmann i Vinje Jan Myrekrok  
Rådmann i Tokke John Kleiv  
Rådmann i Nissedal Sverre Sæter  
Kst. rådmann i Seljord Frid Berge  
Rådmann i Fyresdal Une Marit Tangen  
Terje Riis-Johansen, Fylkesordfører i Vestfold og Telemark  
Tom Omnes Lia, Vestfold og Telemark Fylkeskommune  
Regionrådsleiar i VTR Anne Aasmundtveit  
Utviklingsleiar i VTR Johannes Rindal  
Geir Ufs, Vest-Telemark Blad  
Karianne Karlsen Resare, KS  
Vibeke Resch-Knudsen, Statsforvalteren Vestfold og Telemark  
Lill Susan Rognli Vale, ( under orienteringssak om reiselivsstrategi)  
Siri Blichfeldt Dyrland, Ordfører i Midt-Telemark (under orienteringssak om Bø-Veka)

### **Regionordfører ønska velkomen til møte i Vest-Telemarkrådet i Teams.**

### **Frid Berge til eventuelt: Om NOU Demografiutvalet.**

### **Sak 01/2021 Referat frå rådsmøtet 17. november 2020**

***Vedtak: Referat frå rådsmøtet vart godkjent***

### **Sak 02/2021 Referatsaker**

1. Søknadsinvtasjon prosjektskjønnsmidlar 2021  
Regionrådsleiar gjorde greie for saka. Dette handlar både om beløp og modell. Beløpet er redusert i år, og det er varsla at ein endrar modellen frå regional fordeling (gjennom regionråda) til søknadsbasert prosjektpott frå 2022.

***Vedtak: Referatsaka vart tatt til vitande***

### **Sak 03/2021 Orienteringar**

#### **1) Felles reiselivsstrategi ved Anne Aasmundtveit**

Administrasjonen har gjennom 2020 jobba med å følgje opp Vest-Telemarktinget si bestilling om å avklare interessa i reiselivsnæringa, for om/korleis ein skal gå vidare. Koronaen har gjort arbeidet krevjande. Digital undersøking til 80 bedrifter i regionen der ein ber om attendemeldingar på felles strategi og berekraftsmerking. 31 svar. Stor andel positive til å arbeide vidare med felles strategi og berekraftsmerking av Vest-Telemark.

4 ulike vegval: 1. Masterplan 2. Berekraftsmerking 3. Kombinasjon av 1 +2. 4. Regional reiselivsstrategi. Fleire møte med aktuelle aktørar for å informere og forankre.

Fylkeskommunal reiselivsstrategi og nasjonal reiselivsstrategi er under arbeid. Berekraft vil vere i fokus i begge desse.

Det vil kome eiga sak om endeleg retningsval og finansiering.

## **2) Søknad til TUF om støtte til Bø veka- møteplass for distriktsutvikling**

Ordførar Siri Blichfeldt Dyrland (Midt-Telemark) gjorde greie for saka. Ynskjer å starte Bø-veka, etter modell frå Arendalsveka. Fokus på distriktsutvikling, innovasjon, berekraft. Møteplass og arena, som skal bidra til auka attraksjonsverdi og marknadsføring. Søknad til TUF no for å få på plass prosjektleiar og kunne planleggje arrangementet.

Jon Rikard Kleven/Halvor Homme/Erik Skjervagen: Positiv til dette. Vonar Vest-Telemarkrådet stør dette, og at TUF løyver midlar. Vil ta tid å byggje opp dette.

Beate Marie Dahl Eide: Veldig spennande initiativ. Stiller litt spørsmål ved prosessen og forankringa. Delvis overlappende med det Dyrskun prøver å få til, som nasjonal møtearena for distrikt, næring og kultur.

Bjørn Nordskog: Veldig spennande. Problemstillingane frå Seljord må ein ta med vidare i prosessen.

Oppsummering ved Jarand Felland: Mange gode attendemeldingar og nokre innvendingar. Vest-Telemarkrådet står ikkje bak søknaden per no.

***Vedtak: Orienteringane vart tatt til vitande***

## **Sak 04/2021 Høyringsuttale til ny fylkeskommunal kulturstrategi**

Regionrådsleiar gjorde greie for saka.

Uttala peiker på at kommunane bør vere ei målgruppe, ikkje bare ein samarbeidspartnar. Kulturskulen må nemnast – er den største lokale kulturarenaen. Uttala løftar fram frivilligsentralane. Bygningsvernsatsinga er eit viktig felt som må vidareførast med base ved Vest-Telemark Museum. Vinjesenteret, Folkekultur og Frivillighetens år 2022 er foreslått inn i strategien.

Postiv tilbakemelding frå fylkesordføraren om at uttala inneheld konkrete innspel som fylkeskommunen vil kunne ta med seg inn i sluttarbeidet med kukturstrategien.

***Vedtak: Vest-Telemarkrådet vedtek høyringsuttala til ny fylkeskommunal kulturstrategi slik den ligg føre.***

## **Sak 05/2021 Vi har ingen fleire å miste (handlingsplan)**

Utviklingsleiar gjorde greie for saka.

Une Marit Aarbakk Tangen oppmoda om namneskifte på handlingsplanen då Fyresdal nyttar dette prosjektnamnet.

John Kleiv orienterte om at Tokke har løfta tematikken. Plan- og haldningsarbeid i gong. Kan vere eit godt bidrag inn i det regionale arbeidet.

Frid Berge løfta fram at det var så bra at arbeidet har kome så raskt i gang etter at saka var opp i rådet 17. november 2021. Bør òg vere tema på regionale politiråd. Viktig med god samhandling med politiet.

Bjørn Nordskog: Viktig arbeid. Løfter saka i ungdomsrådet og lokalt politiråd. Lokal forankring avgjerande.

**Vedtak:** *Vest-Telemarkrådet startar opp arbeidet med å lage ein plan med visjonen "Null skadde og drepte ved motorisert ferdsel i Vest-Telemark", slik det er skissert i saka.*

### **Sak 06/2021 Teamsmøte med Telemarksbenken**

Rådsmøtet drøfta tema og kven som kunne presentere dei i møtet med benken.

1. *Statusoppdatering koronasituasjon* presentert ved Erik Skjervagen
  - a. Kompensasjonsordningar for næringslivet  
Oppmoding om meir kommunal fordeling.
  - b. Smitteverntiltak, hovudbodskap meir regional differensiering
2. *Nasjonal Transportplan 2022-2033* presentert ved Jarand Felland
3. *Samanslåing Vestfold og Telemark / Statsforvaltar* presentert ved Halvor Homme

Jon Rikard Kleven ber om at arbeidsutvalet fordelar ansvar for tema i møtet med benken i god tid i forvegen slik at rådsmedlemmane kan betre førebu seg.

**Vedtak:** **Vest-Telemarkrådet har denne sakslista til møtet med benken:**

- 1. Koronasituasjonen**
- 2. Nasjonal Transportplan 2022-2033**
- 3. Samanslåing Vestfold og Telemark / Statsforvaltar**

### **Sak 07/2021 Desentralisert avhøyr av barn**

Bjørn Nordskog gjorde greie for saka.

Beate Marie Dahl Eide syns det var eit særdeles godt initiativ. Ynskjer òg at Vest-Telemark skal sjå nærare på krisesentertilbodet.

**Vedtak:** *Vest-Telemarkrådet er positive til at det blir lagt til rette for desentralisert barneavhøyr lokalisert til Kviteseid.*

### **Sak 08/2021 Eventuelt**

*NOU 2020: 15 Det handler om Norge (Demografiutvalget)*

**Vedtak** *Vest-Telemarkrådet vedtek samla uttale på rådsmøtet 16. mars. Kommunane blir invitert til å kome med innspel.*